

Informasjon til Gjestebodsvertar

Tusen takk for at de stiller som gjestebodsvertar!

Gjestebod er ein form for medverknad der føremålet er å få innspel til kommunedelplanen for kulturminne, frå innbyggjarar som kanskje ikkje deltek på tradisjonelle temamøter, og som handlar om tema som vedkjem desse særskild. Gjestebod skal nå alle uansett livssituasjon, etnisk bakgrunn, kjønn, alder og kvar dei oppheld seg.

Gjestebod vert gjennomført utan kommunal deltaking, og går ut på at innbyggjarar inviterer gjester til å diskutere eit «oppdrag» gitt av kommunen.

Gjestebod er ein ide frå Svelvik kommune, og vart her gjennomført i samband med utarbeiding av samfunnssdelen til kommuneplanen i 2012. Dette gav dei i denne kommunen særskilt gode erfaringar, og som mange andre i ettertid har teke i bruk. Kvinnherad kommune brukte gjestebod i samband med kommuneplan «Kvinnherad 2050» hausten 2019.

Kvinnherad kommune ynskjer å prøve dette ut som ein måte å få til god medverknad også i samband med utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne. Det vert eit spanande prosjekt for oss, og me er glade for at de stiller. I Kvinnherad skal de haldast gjestebod dei neste vekene, og me håpar det vil bli stor breidde både med omsyn til tema og gjester.

Gjestebod skal brukast for å innhente meir kunnskap om korleis vi skal ta vare på kulturminne i kommunen vår, og korleis vi kan formidle dette til menneske no og i framtida. I ein kommunedelplan skal det være eit kunnskapsgrunnlag og ein handlingsdel, med prioriterte lister over kva kulturminne vi skal ivareta dei fyrste 4 åra, og kva kulturminne som skal med i ein meir langsigkt handlingsplan.

Det er ynskjeleg at det skal vera enkelt å halde gjestebod, og me har difor forslag om nokre rammer, men du/de avgjer sjølv korleis de vil gjennomføre gjesteboden. Grunna situasjonen vi nå er i med coronavirus, er det viktig at gjesteboda vert gjennomført med alle reglane for sosial distansering ivaretakne.

Gjennomføring

Kven: Vertane inviterer sjølv gjester til gjesteboden, og inntil fem gjester.

Kva: Det viktigaste for oss er å få innspel på einskilde kulturminne, historia omkring desse, korleis ein best kan ta vare på dei, og korleis ein kan formidle dette til menneske i samtida og i framtida.

Når tema vert diskutert, er erfaringa at innbyggjarane også ofte kjem med ulike typar forslag til kva ein må ha med i ein slik plan, og om løysingar, mogelegheiter, tips og idear. Alle innspel er viktige. Det kan vera nyttig i det konkrete arbeidet mot å nå måla som vert sett. Nokre av spørsmåla er laga nettopp med tanke på å bidra til engasjement. Eit av spørsmåla vil verte å prioritere kva kulturminne de meiner bør takast vare på først, vålast eller sikrast.

Tidsrom og varigheit: Vertane kan sjølv velje når gjesteboden skal haldast våren 2020. Gjesteboden treng ikkje vere lengre enn 1,5 til 2 timer. Bruk ein føremiddag/kveld, vekedag eller helg ut frå kva som passar best.

Korleis: Me tilrår enkel servering om det høver. Me har laga eit forslag til tema og spørsmål det er mogeleg å ta utgangspunkt i (vedlagt på slutten av skjema med spørsmål), men det kan også takast

utgangspunkt i andre tema frå planprogrammet. Dette er tilgjengeleg på kommunen si heimeside. Me rår til å avgrense til to eller tre kulturminne/kulturmiljø som de ynskjer å uttale dykk om.

Etter gjestebodet

Innspel:

Innspel skal sendast til Kvinnherad kommune post@kvinnherad.kommune.no innan 15. juni 2020.

Innspel som vert sendt til inn vil verta samordna i ei felles oppsummering, og verte lagt inn som felles høyringsinnspel frå gjesteboda. Om det er noko i innspela de prioriterer som særskild viktig, vil det vera til god hjelp om de merkar desse punkta.

Om de ynskjer det, kan de bruke spørsmålsskjemaet som er vedlagt og melde tilbake på dette.

Evaluering:

For å utvikle oss vidare håpar me de tek dykk tid til å gje ei kort tilbakemelding på gjestebodet;

Kva fungerte bra?

Forslag til endringar?

Dette kan de også svare på til slutt på spørsmålsskjemaet.

Bilete:

Vi ynskjer gjerne å få tilgang biletet frå gjesteboda, for eksempel til bruk i presentasjon eller dokument. Om nokon har lyst til å bidra med slike, tek me gjerne i mot. Hugs at det må vera avklara med alle personane på biletet for at me skal kunne nytte det.

Lukke til med gjestebodet!

Ta gjerne kontakt om du/de har spørsmål.

Med helsing avdeling for kultur, næring og utvikling og samfunnsutvikling

v/Anita Lykkja, Kjartan Thoresen, Lene Gjuvsland Skjelnes.

anita.lykkja@kvinnherad.kommue.no

kjartan.thoresen@kvinnherad.kommune.no

lene.gjuvsland.skjelnes@kvinnherad.kommune.no